



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	20.08.2026 kl.20.00
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannessen, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Astrid Yasmin Furdal, Leiv Rossehaug Lars Severin Reiersen, Arild Steinsland, Rikard Stokkenes
Fråvær:	Sigrund Breistig, Lars Edvart Larsen, Eirik Tappel
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Arild Steinsland hadde ord for dagen som start på møtet.

SR 33/26	Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen Følgjande saker blei meldt til eventuelt: Diakoni, 18:30-prosjektet i prostiet Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 42/26.
SR 34/26	Godkjenning av referat frå møtet 20.06.24 Gudstenesteplanen burde vere i lag med referatet, men det er venta endringar i planen (justering av klokkeslett). Revidert plan blir sendt ut. Vedtak: Soknerådet godkjenner referatet med merknad om gudstenesteplanen.
SR 35/26	Val av ny referent, representant til diakoniutval og fellesråd Vedtakssak Sigrund Breistig har, på bakgrunn av helsemessige årsaker, bede om fritak frå verva ho har teke på seg i/for soknerådet. Ho ynskjer å fortsetje ut valperioden som medlem i soknerådet utan ekstra verv. Sigrund har vore sekretær for soknerådet, representant i diakoniutvalet og representant i fellesrådet. Leiar føreslår at vararepresentant for fellesrådet går inn som fast representant i staden for Sigrund, og at vi finn ny sekretær i soknerådet. I tillegg treng vi ein ny representant i diakoniutvalet. Vedtak: Soknerådet innvilgar Sigrund Breistig fritak frå verva sine for soknerådet. Vararepresentant Anne for fellesrådet går inn som fast representant. Soknerådet vel Solfrid Lier Habbestad til ny sekretær og Bente H.Johannessen overtek ansvaret i diakoniutvalet.
SR 36/26	Gudstenester sidan sist (orientering) 26. juli – Gudstenesta vart flytta frå Førde MED kyrkjevertar og klokkar. Det hadde vore fint å få vite dette, då Hildur prøvde å organisera kyrkjevertar.

	9. august – Misjonssøndag Gro Smørdal var der og snakka om NMS, Clas og SAT7 og takka for Gjenbruksløy. Andelen frå sal av Bråtveit bedehus 70 000 kr vart ført på Clas. Offer frå Sveio til NMS er knytt til Clas. God musikk. Dåpssakristiet har blitt svært flott! God innsats av Solfrid. Gode tilbakemeldingar på leikekroken.
SR 37/26	Møte i utvala sidan førre møte (orientering) Kyrkjeleg fellesråd: Neste møte 2. september. Ein del saker i fellesrådet for tida. Budsjettet for 2026 er balansert med 1 mill frå fond! Fellesrådet skal jobbe med budsjettet for 2027 i haust. Mykje misnøye med stell av gravplassane i sommar. Har vore i media (Vestavind, H-avis og VG). Kan det vera aktuelt å betale frivillige organisasjonar for noko stell av gravplassar? Utfordring i Førde og Sveio, som er anlagt som parkgravplassar. Universell utforming av kyrkjene. Koordinator for kyrkjevertgruppene: Bente og Hildur har styrt med gudstenesteplanen og kyrkjevertane. Viktig at det ikkje berre blir gjort endringar i gudstenesteplanen som er vedteken, utan at koordinator blir orientert. Viktig at det er 6 brannvakter i kyrkja på gudstener med mange deltakarar. Leiar prøver å få på plass brannkurs i samband med neste soknerådsmøte. Kyrkjevertgruppene: minst 2 vertar, helst 4. Prest og klokkar er del av brannberedskapen. Diakoniutvalet: Har hatt eit kort møte der utvalet blei oppdatert på arbeidet i prosjektet om besøkstenesta. Startar opp att songtreffa. Utval for kyrkjeleg undervisning og læring KUL (trusopplæringsutvalet) : Møte i september
SR 38/26	Universell utforming i Sveio kyrkje Saka var utsett frå møtet 11. juni. Oppfølging av sak frå møtet i mars. Solfrid Lier Habbestad orienterte og presenterte eit notat. I visitasmeldinga går det fram at det bør sjåast nærare på universell utforming i kyrkjene i Sveio. Kva seier Dnk og riksantikvaren om dette? Må legge ut informasjon om utforminga av Sveio kyrkje, slik at folk kan forhalde seg til det ein har og ikkje har. Mange tiltak er gjennomført i kyrkja vår for å auka den universelle utforminga. Det blei lagt fram ei kartlegging av situasjonen, i denne omgang avgrensa til dei fysiske tilhøva. Kartlegginga/sjekkliste (vedlegg 1) blei lagt fram og fekk tilføyningar i møtet, m.a. at kyrkja og soknehuset har teleslynge. Men ikkje alle høyreapparat støttar dette. Teleslynge fungerer for tida ikkje i soknehuset, kan truleg enkelt fiksast av Helgelands musikk. Innspel i møtet: Fint om presten seier kva salme vi skal synge. Syn: For liten skriftstorleik på papirark som blir levert ut i døra. Bruke meir powerpoint Presten kan legge inn gudsteneste i app iKirken, Ledelinjer manglar, men teppekantar i kyrkja kan avhjelpe dette. Inngang for rullestol. Må ha begge dørene opne. Kyrkjevert må passe på. Oppgang til alteret– veit vi vanlegvis på førehand, har skinner.

	Vedtak: SR i Sveio legg ut oversikta over tilstanden i Sveio kyrkje på nettsida til publikum. Bed kyrkjevevja ta vidare med bispedømmekontoret korleis tilgang til alteret kan gjerast tilgjengeleg for alle grupper innan eksisterande lovverk.
SR 39/26	Kyrkjevalet 2027. Orienteringssak Kyrkjevalet 2027 blir gjennomført digitalt i perioden 10. august – 13. september. Fellesrådet får ansvar for å organisere røysting ved oppmøte, mens soknerådet har ansvar for godkjenning av lister, kunngjering og mobilisering av veljarar. Soknerådet skal oppnemne ein nominasjonskomité, som skal starte arbeidet med kandidatar til lista seinast januar 2027. Nominasjonskomiteen skal ha minimum 3 medlemmer og jobbe uavhengig av soknerådet. Listeforslaget skal vere klart seinast 15. april 2027. Det er lurt å starte i god tid. Kyrkjevalet er ei sak som kjem til å dukke opp regelmessig på møta framover. Tenk gjennom om du kan tenkje deg å bidra i nominasjonskomiteen, til neste møte.
SR 40/26	Avskjedsgudsteneste for Eirik Aadland Tappel 30. august klokka 18 Orienteringssak Onsdag 12. august orienterte Eirik leiar i soknerådet om at han sluttar som sokneprest i Sveio etter konfirmantfesten 3. september. Han kjem til å ha ei avskjedsgudsteneste i Sveio søndag 30. august klokka 18. Denne gudstenesta står ikkje i gudstenesteplanen, og vi må finne kyrkjevartar. Leiar føreslår at vi har kyrkjekaffi i Soknehuset i etterkant av avskjedsgudstenesta. Praktiske detaljar: Hildur hentar bukett, Rune bestiller. Kyrkjevart: Hildur, Solfrid, Bente, Leiv dekkar med porselen, oppmøte 16:30. Anne bestiller marsipankake gluten -og laktosefri og sjokolade (til 45-50 personar) på kvar på Haugli og er med og vaskar opp. Tilsetting av ny prest: Det vil mest truleg bli lyst ut ny stilling i løpet av hausten, i neste runde, som er november, med tilsetting i desember. Prosten jobbar med vikarar på gudstenester. Prosten erstattar Eirik Tappel i Sveio sokneråd og fellesrådet fram til ny prest er på plass.
SR 41/26	Praktiske oppgåver i samband med konfirmantfesten 3. september Orienteringssak Minner om kakene, som vi fordelte i sist møte (11. juni): Lars Reiersen, dessertkake (gluten og laktosefri) Leiv Rossehaug – lady golden glow Hildur Larsen – lagar to kaker, glutenfri sjokolandekake og festkake Rikard – Gulerotkake Astrid – Sjokoladecake Lars Edvard – fiksar ei kake Rune – Cafe stings sjokoladecake Sigrund Breistig – får fritak, Solfrid tek i staden. Bente – fiksar ei kremkake laktosefri Sveio skal rydde lokalet etter festen.

SR 42/26	Eventuelt (Saker som blei meldt i sak SR 33/26): Diakoni: Forslag frå eit medlem i kyrkjelyden blei formidla: Kan det startast eit tilbod for pårørande til demente? Bente tar forslaget med til møte i diakoniutvalet. 18-30-prosjektet i prostiet. (Tiltak for ungdom i alderen 18 til 30 år.) Prosjektleiar i 30 % stilling. Mykje vil skje på Stord. Runar skal vere på HVL Stord kvar torsdag framover
SR 43/26	Møtekritikk: Ingen merknader

Sveio, 24.08.2026

Solfrid Lier Habbestad
 -sekretær-